



Til  
Kommunalt foreldreutval  
Nominerte kandidatar  
FAU i private og kommunale barnehagar  
FAU i kommunale og private skular

# Protokoll frå Årsmøte i Kommunalt Foreldreutval KFU 20.11.18

Møtet fann stad i kantina på Rådhuset.  
Det møtte fram 6 foreldrerepresentantar. Vedlagt oversyn deltakarar. Frå administrasjonen møtte rådgjevar Dina Dyrhovden.  
Leiar Benedicte Rikstad ønske velkomen.

## Sak 1: Val av møteleiar

*Einstemmig vedtak: Benedicte Rikstad*

## Sak 2: Val av referent og 2 representantar til å signere protokollen

*Einstemmig vedtak:*

*Referent: Dina Dyrhovden.*

*Representantar som signerer protokollen: Arne Ramslie og Monica D Skauge.*

## Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

*Einstemmig vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.*

## Sak 4: Årsmelding

Leiar las opp årsmeldinga.

Årsmøtet drøfta årsmeldinga. KFU ynskjer å bli invitert til Oppvekstforum vår 2019.

Tema fysisk aktivitet.

*Einstemmig vedtak: Årsmelding for 2017/18 vart godkjent.*

## Sak 5: Vedtekter

Gjennomgang av vedtekter.

Årsmøtet drøfta vedtektene.

*Einstemmig vedtak:*

- *Årsmøtet vil setje vedtekter for KFU på sakskartet for å sjå korleis ein kan informere om, organisere og skape større engasjement for kommunalt foreldreutval.*
- *Årsmøtet vil ta initiativ om førebu Kommunalt Foreldreutval i Alver kommune.*
- *Det vert lagt fram nye vedtekter til nytt årsmøte jf. gjeldande vedtekter i mars 2019*



**Sak 6: Innmelde saker**

Det var kome inn ei sak frå Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage til årsmøtet:  
*Samarbeidsutvalget i Juvikstølen barnehage ønsker en tilbakemelding i forhold til sak 21 / 18 Bemanning i barnehagene.*

*Hvordan går det med prosessen i denne saken?*

*Har saken om å øke bemanningen i barnehagene for å kompensere for pedagogene sin planleggingstid / ubunden tid vært politisk behandlet?*

Rådgjevar Dina Dyrhovden orienterte:

Når KFU gjer vedtak i saker så vert det teke på alvor og teke med i det vidare arbeidet. Rådmannen vurderer om saker skal opp til politisk handsaming som eiga sak eller vert teke med i andre drøftingar, t.d. økonomiplandrøftingar eller teke med i budsjettprosess. Denne saka vert teke med i økonomiplandrøftingane og vert ikkje meldt inn som eiga sak til politisk. KFU vil få orientering om utviklinga i saka.

*Einstemmig vedtak: Teke til orientering.*

**Sak 7: Val**

Til årsmøtet var det meldt inn nominerte frå Knarvik barneskule, Kolås barnehage, Lindås barneskule og Kløvheim skule.

**Ostereidet krets:**

Nominert: Anne Marie Fanebust, Kløvheim skule

*Einstemmig vedtak: Anne Marie Fanebust valt for 2 år*

**Knarvik:**

Nominert: Arne Ramslien, Knarvik ungdomsskule. Vararepresentant for skule: Anders Kvamme, Knarvik barneskule

*Einstemmig vedtak:*

*Arne Ramslien valt for 2 år.*

*Anders Kvamme, Knarvik barneskule valt som vara for 1 år.*

**Lindås krets:**

Nominert: Trine Molden Johannessen, Lindås barneskule. Julie Gulestøl, Kolås barnehage.

*Einstemmig vedtak:*

*Trine Molden Johannessen vart for 2 år.*

*Julie Gulestøl valt for 2 år*

Årsmøtet ville nytte vara Anders Kvamme som vara for alle kretsane. Årsmøtet bad om at vararepresentanten vert innkalla til og møter på alle møter i utvalet.

**Nytt kommunalt foreldreutval har då slik samansetjing:**



# LINDÅS KOMMUNE

Sektor oppvekst

Ostereidet ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular	Knarvik ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular	Lindås ungdomsskulekrins med barnehagar og barneskular
Repr ungdomsskule (1 år) <i>Stein Juan Carlos L Fyllingsnes</i>	Repr ungdomsskule 2 år <i>Arne Ramslien</i>	Repr ungdomsskule (1 år) <i>Tore Gjerstad</i>
Repr for barneskule (2 år) <i>Anne Marie Fanebust</i>	Repr barneskule (1 år) <i>Benedicte R. Rikstad</i>	Repr barneskule (2 år) <i>Trine Moldøyen Johannessen</i>
	Repr privat skule (1 år) <i>Kristin Tredal</i>	
Repr barnehage (priv.) (1år) <i>Ingen nominerte</i>	Repr barnehage (priv.)for 2 år <i>Ingen nominerte</i>	Repr barnehage (komm.) (2 år) <i>Julie Gulestø</i>
	Repr barnehage (komm.) (1 år) <i>Anna Nordlund</i>	
Vara barnehage (1 år) <i>Ingen nominerte</i>	Vara barnehage (2 år) <i>Ingen nominerte</i>	Vara barnehage (1 år) <i>Ingen nominerte</i>
Vara skule (2 år) <i>Ingen nominerte</i>	Vara skule (1 år) <i>Anders Kvamme</i>	Vara skule (2 år) <i>Ingen nominerte</i>

Leiar takka for frammøte og engasjement. Det vart informert om at KFU skal ha konstituerande møte etter at årsmøtet var slutt. Årsmøtet vart så heva.


Stad/dato

Stad/dato 30.11.18

Stad/dato Ladøy 3/12-18

Dina Dyrhovden  
Referent

  
Arne Ramslien  
Signerer protokoll

  
Monica D Skauge  
Signerer protokoll